

Prosjekt:	Hjelmås gravplass	Vedlegg:	Q-1
------------------	--------------------------	-----------------	------------

Sak:
Følg brev til søknad

Den opparbeidede gravplassen på Hjelmås er i ferd med å fyllast opp. For å få plass til komande gravferder, er det naudsynt med ei utviding av gravplassen. Utvidinga vil skje innanfor det området som fra før er avsett og kjøpt til gravplass.

Akasia, som er Bergen kirkelige fellesråd sitt selskap for ivaretaking og utvikling av eigedomane til organisasjonen, har fått i oppdrag av Lindås kyrkjelege fellesråd å stå for utviding av gravplassen på Hjelmås. Det vil sei at vi har planlagt utvidinga, arrangert anbuds konkurransen for entreprenørarbeiddet, og vi har prosjekt- og byggeleing i anleggsperioden.

Planane er godkjende både av Lindås kyrkjelege fellesråd og Sør-Hålogaland bispedømmeråd, slik gravferdslova krev.

Opparbeiding av dei nye gravfelte vil skje ved at lausmassar blir fjerna, så blir fjellmassar skutt ut i slikt omfang at vi får ei høgde tilsvarande botnen på gravfelte, 1,9 meter under den ferdige overflata. Deretter blir det tilkøyrd nye massar i tråd slik at gravfelte vil fungere slik det er forventa av moderne kyrkjegardar. (Teikning L215 viser prinsippet for dei nye massane)

Massane inn og ut av anlegget vil etter planen bli transporterte via gravplassen sin internveg.

HELSEVERNMYNDIGHEIT - FORUREINING

Helsevernmyndighetene har blitt tilskrive om prosjektet, slik at dei kan gi innspel om dei ynskjer det. Vi har ikkje motteke innspel frå dei. Slik vi bygger opp dei nye gravfelte, vil det ikkje kome ut noko forureinsa vatn frå gravplassen. Ved stell av bed ved gravene på gravplassen vil det bli noko boss. Dette vert samla inn og tatt hånd om på same måten som ved den eksisterande gravplassen.

EKSISTERANDE TEKNISKE ANLEGG

Det går i dag avløpsleidingar gjennom den nye delen av gravplassen. Vi vil leggja driftsvegen over desse ledningana, slik at det ikkje vert konflikt mellom avløpsleidingar og graver.

Det elektriske anlegget på den nye delen av gravplassen vil bli kopla til eksisterande anlegg, som har nok kapasitet til denne auken.

Det er ingen konflikt mellom elektrisk luftspenn og den nye delen av gravplassen.

STØY I ANLEGGSPERIODEN

For å få den rette djupna til gravlegging, reknar vi med at det vert ein del sprenging. I tillegg vil det vera noko støy frå anleggsmaskinene. All sprenging vil skje på dagtid. Anleggsarbeidet vert stansa når det er gravferdsseremoniar.

PASSASJE OVER GRAVPLASSEN

I dag går det eit tråkk over gravplassen. Dette ønskjer vi å vidareføra ved å leggja inn ei opning i gravmønsteret, og markera tråkket med tråkkheller.

Langs internvegen på gravplassen blir det montert lave lyspullertar som i mørketida vil gi eit diskret lys. Langs tråkket blir det ikkje lys, vi reknar med at veglyset langs Apalen er tilstrekkeleg.

Når den nye delen av gravplassen kjem i bruk, og folk skal besøka og stella gravene, er det viktig at dei som trafikkerer denne passasjen viser respekt og omsyn.

INNSYN

Vi planlegg eit vegetasjonsbelte rundt gravplassen, som vil dempa innsynet ein del, men vegetasjon treng noko tid på å etablera seg. Det vert sett opp eit luftig tregjerde til innramming der gravplassen grensar mot bebyggelse.


FRAMDRIFT

For å få dei nye gravfelta ferdig opparbeidd i tide til vi treng gravene, vil anleggsarbeidet etter planen starte opp så snart vi har fått godkjend byggemeldinga.

EKSISTERANDE GRAVPLASS

Gravplassen som er i bruk i dag viser stor evne til å halda på fuktigheit. Vi vonar at nokon av dei tiltaka vi gjer i det nye prosjektet vil vera med å drenera eksisterande felt. Dersom det ikkje skjer, vil vi vurdere andre tiltak dersom det er økonomi til dette.

Mvh


Per Sveinar Morsund
Akasia